

REFERAT FRÅ STYREMØTE TORSDAG 24.09.20

Desse møtte:

Unni, Elin, Morten, Roy Åge, Anita, Olav og Salah.

Fråverande: Steinar

Sak 1. Alpinbakken

Roy Åge kaller inn til dugnad torsdag 8. og mandag 12. oktober kl 16.30. Alle prøver å få med noken.

Sak 2. Nisserstien

Helge vil nå bestille og sette opp nye skilt ved Nisserstien og Skuggenatten.

Styret ber om at han lager ei skisse over plassering og tar kontakt med grunneigarane og får ei skriftleg tilbakemelding/avtale på det.

Sak 3 Asfaltering av området på klubbhuset

Solberg fekk jobben då dei var billigast. 250 000 inkl mva pluss pølser. Dei set i gang ganske snart med jobben. 50% blir finansiert av tippemidlar via kommunen.

Det er bestilt snøfres frå Kviteseid som vi har fått tilskudd frå Sparebankstiftelsen til.

Sak 4. Treningsavgift fotball og godtgjørelse trenarar

Alle, inkl trenarane, vil bli fakturert for treningsavgift fotball nå frå det nye systemet Min Idrett.

Styret ønsker å refundere el godtgjøre dette på ein måte anten ved refusjon av treningsavgift, kjøregodtgjørelse el idrettsklær. Olav tek saken vidare i fotballgruppa.

Sak 5 Inspirasjonssamling for styra og trenarar og leiarar av grupper i Treungen IL

Vi snakka om å ha ei samling på Gautefall lørdag 21. november med middag, inspirasjonsforedrag og litt underholdning.

Salah kontakter noken han kjenner ang foredrag, Unni kontakter hotellet og ber Harald Valle være konferansier med litt artige innslag under middagen.

Sak 3. Lysløype og heilårssti

Dette tek litt tid, for kommunen må gjere ei avtale med grunneigarane før mi kan realisere prosjektet.

Unni Løken

Referent